



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 10/2023

Møtedato: 24.04.2023 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S701, Sørre Trøllhøvd_frifall av tilleggsjord

Ola E. Moe har i brev mottatt i fjellstyret den 21.03.2023 skrive følgjande:
Odd Einar Granli har drevet dette stølsjordet sidan år 1997, og han vil gjerne overta. Så eg spør med dette om fjellstyret kan sørge for att dette kan gå i orden.

Det finnes følgjande veiledning om dette tema i fjellstyrenes handbok:

5.3.6.3 OVERFØRING AV TILLEGGSJORD

Etter fjelloven § 20, 2. ledd kan utvist tilleggsjord, med samtykke fra departementet (delegert til Statskog SF), overføres til bruk for annen eiendom med beiterett i statsallmenningen. Fjellstyret skal behandle saken. Det er en forutsetning at retten til utvist tilleggsjord ikke har opphørt gjennom manglende bruk. Dersom retten til utvist tilleggsjord har opphørt skal saken behandles som en ny utvisning.

Vilkår for overføring er at utvist tilleggsjord ikkje har opphørt gjennom manglende bruk, noko som er tilfelle her då det er leigd ut sidan 1997. Det vil då vere ei vanleg frifalls-sak gjennom fjellova § 22 sjå utdrag frå handboka under:

5.3.6.4 NÅR RETTEN TIL UTVIST TILLEGGSJORD OPPHØRER

Etter fjelloven § 22, 3. ledd pkt. 1 opphører retten til utvist tilleggsjord ved betingelsesløs avståelse («oppgeving utan atterhald»), enten ved at gården jorda er knyttet til slutter å eksistere som egen selvstendig enhet jf. § 2, eller ved at bruker frasier seg retten til den utviste tilleggsjorda. Etter pkt. 2 opphører retten til utvist tilleggsjord dersom den har vært ute av bruk i en sammenhengende periode på 5 år.

Oppsummert må difor fjellstyret i denne saka fyrst vedta å legge denne tilleggsjord i det fri, jfr fjellova § 22. Deretter kan ein lyse denne ut på vanleg måte, og ta ei landbruksfagleg vurdering av kven som evt skal tildelast denne om det vert fleire som søker.

I den samanheng er det vanleg å vurdere søkerane opp i mot primært mjølkedrift, deretter og om dei har anna jord i nærleiken som sikrer rasjonell drift. Det er og andre moment som vert vektlagt.

Når det gjeld ynskjet til Ola E. Moe om at Odd Einar Granli skal overta vil dette vere ei vurdering i etterkant når ein får inn alle søkerar som kan vere aktuelle. Til info i saka driv Odd Einar Granli med mjølkedrift, og har i tillegg nabojordet som tilleggsjord, der begge jordene er gjerda inn som ei eining og vert dreve i lag. Dette kan jo vere positive moment i saka, men sjølve tildelinga må ein ta etter ei høyring når ein får sett evt søkerar opp i mot ynskja drift.



Kartet syner aktuell tilleggsjord – merka raudt.

Framlegg til vedtak

Vestre Slidre fjellstyre finn at tilleggsjord 94/1/701 – Sørre Trøllhøvd er falle i det fri jfr Fjellova § 22.

Grunngjeving er at retten til utvist tilleggsjord opphører da den har vært ute av bruk i en sammenhengende periode på 5 år.

Fjellstyret vedtak å lyse ut arealet ledig som tilleggsjord.

Vedtak

Vestre Slidre fjellstyre finn at tilleggsjord 94/1/701 – Sørre Trøllhøvd er falle i det fri jfr Fjellova § 22.

Grunngjeving er at retten til utvist tilleggsjord opphører da den har vært ute av bruk i en sammenhengende periode på 5 år.

Fjellstyret vedtak å lyse ut arealet ledig som tilleggsjord.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.04.23

Kenneth Monsen
sekretær

Melding om vedtak:
Statskog
Odd Einar Granli
Ola E. Moe